

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

Til stede: Henrik Aasved (møteleiar), Kristoffer Skjolden, Merethe Hauge, Gunnar Ekeland, Jostein Bildøy, Karl Olaf Sundfør, Elisabet Salte, Charlotta Schaefer.

Forfall: Kari Toftøy-Andersen, Grete Müller (på styremøte) og Linn Bæra.

Møteleiar: Henrik Aasved

Møtedato: 02.10.2018

Klokkeslett: 12.00-14.45

Møtenr: 6/18

Møtestad: Sola Strandhotell

Arkivref: -

Saksnr.	Emne	Ansvarlig
40/18	Innkalling blei godkjent.	Henrik Aasved
41/18	Referat frå førre møte 05.09.1018 blei godkjent med følgande endringar: -i årsplanen manglar dato for juni-møte 2019. - retta opp dato på referatet. Elisabet Salte var heller ikkje med på møte.	Henrik Aasved
42/18	<p>Invitasjonar til brukarutvalet</p> <p>Erstatta Linn sine verv RBU drøfta om det var hensiktsmessig å finne erstattar til adle Linn sine verv når det blir nytt brukarutval frå 2019.</p> <p>Merete meldte interessert i delta som brukar i Samarbeidsorganet forskning og innovasjon. Jostein interessert i å delta som brukar i DIS (digitale innbyggertjenester). Dei kontaktar Linn for å spør meir om verva, før dei takker ja. Avgjerdsel blir teke i neste møte.</p> <p>RBU skal prøve å finne erstattarar fram til neste RBU-møte (29. oktober) men om dei ikkje klarer det vil ny oppnemning utsetjast til nytt brukarutval er på plass 2019.</p> <p>Arbeidsgruppe til 'Arbeid og helse' Førespurnad frå fagavdelinga i Helse Vest. Karl-Olaf blei peikt ut som brukarrepresentant inn i prosjektet. Sekretær melder tilbake til prosjektleiar.</p>	Henrik Aasved
43/18	<p>Orienteringar/brev til/frå brukarutvalet</p> <ul style="list-style-type: none"> Brev er sendt LPP. RBU har ikkje kapasitet til å ivareta alle verv dei blir førespurt om. RBU meinte at dei 	Henrik Aasved

	<p>treng å bli flinkare til å følgje opp vara-representantar og eksterne brukarar som har verv for RBU. Dei har ikkje vore godt nok informert om arbeidet med regional plan psykisk helse.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Brev om Pasientreiser frå Helse Fonna. RBU stilte seg bak svar til brukarutval i Helse Fonna som Grete har skrevet. Signatur må rettast opp. Grete kan sende brevet om dette ikkje allereie er gjort. • Årsplan 2019. Årleg melding bør bli skrevet november og desember. Rapportering frå vararepresentantar bør skje ei gong i halvåret, juni og november. Planlegging av arbeidsform og fordeling av ansvar i januarmøte. Fellesmøte med vara april. Årleg melding for RBU må bli ferdig i desember i år ettersom det er nytt brukarutval 2019. Oppgåver og ansvar til Årleg melding 2018 blir satt opp som sak til neste RBU-møte 29. oktober. 	
44/18	<p>Oppdragsdokumentet 2019</p> <p>Leiar og nestleiar for dei regionale brukarutvala har blitt invitert til møte i departementet 25. oktober, for å gje innspel til Oppdragsdokumentet 2019. Då verken Linn eller Grete kan stille vil Henrik og Jostein reiser frå RBU i Helse Vest.</p> <p>RBU hadde følgjande krav som dei vil ta vidare til det interregionale RBU-møtet i Trondheim 22. og 23. oktober:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Pakkeforløp kreft- Helse Vest bør følgje opp nasjonal kreftstrategi 'Leve med kreft' og lage ei plan for oppfølging med særleg fokus på samhandling, kontaktlegeordninga, seineffektar og psykososial støtte. • Betre utskrivingsrutinar med klare avtalar for vidare oppfølging. Standardisert skjema for utskrivingsamtaler. • Redusert bruk av tvang. RBU ynskjer at det blir lagt vekt på kva strategiar helseføretaka har for å stimulera til frivillig behandling, eks. 'Veiviser prosjektet'. • Ingen av helseføretaka oppfyller responstida til ambulansetenesta. Dette vil RBU skal formulerast som eit krav for å forbetra. 	Henrik Aasved

	<ul style="list-style-type: none"> • Ventetida ved fleire hørselsentraler er lang, eks. i Helse Førde. Gunnar ynskjer at det fremmast i Oppdragsdokumentet. • Gjenta 'universell utforming' som eit krav ved nybygg. Det kom ikkje med i fjor. 	
EVT	<p>Eventuelt</p> <p>Kristoffer – Mottaksklinikken i Helse Bergen har fått mye kritikk. Lange ventetider. RBU drøftet saka. Det må kunne dokumenterast systemsvikt for å ta det vidare. RBU vil følgje med på utviklinga. Ev. ta det opp med brukarutvalet i Helse Bergen.</p> <p>Elisabet –Kva skjer med prosjektet Nasjonal AMK. Elisabet har registrert at det har vore nokon møteverksemd utan at brukar har blitt invitert. Ho var peikt ut som brukarrepresentant inn i prosjektet.</p> <p>Elisabet ønskjer å delta på innovasjonskonferansen 15. november 2018 på Værnæs. Dei frå RBU som vil delta sender e-post til sekretær, som vurder kven som reiser.</p> <p>Kristoffer – etterlyste oppdatering om legemiddelsamstemming. Alvorlig at Helse Vest har system som ikkje snakker sammen.</p>	Henrik Aasved

Neste RBU-møte er den **29. oktober kl. 0945 – 1445 på Forus i Stavanger**. Saker meldes skriftlig 1 veke før møtet til sekretær, leiar og nestleiar.